

**Sakshandsamar:**

Audun Erik Sunde
E-post: audun.erik.sunde@sfj.no
Tlf: 57 74 93 11

Vår ref.

Sak nr.: 08/4520-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

2161/09

Dykkar ref.

08/03298-1

Dato

LEIKANGER, 28.01.2009

Det Kongelige Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Fråsegn i høve høyring av ny rettleiar for PUD og PAD

Vi viser til tidlegare søknad om utsett frist i påvente av politisk handsaming og til positivt svar frå Egil Meisingset hjå dykk.

Fylkesutvalet Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag i FU-sak 9/09 vedteke å gje slik fråsegn i høve høyring av ny rettleiar for PUD og PAD:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune synest generelt det er positivt at forslag til ny rettleiar for PUD og PAD er sendt på høyring og at regionale ringverknader har eit tydeleg fokus i dokumentet.
2. Forslag til rettleiar viser til at det kan gjevast fritak frå krav om feltspesifikk konsekvensutgreiing. FKU er i realiteten einaste formelle inngrep regionale myndigheiter har med planar for utbygging og drift av felt. Slikt fritak bør difor berre gjevast unntaksvis, og grunngevinga bør i tilfelle vere offentleg tilgjengeleg.
3. I kapittel 1.11.1 vert det sagt av vesentlege kontraktar ikkje kan inngåast eller byggearbeid påbegynnast før PUD er godkjent, med mindre OED samtykkjer i dette. Dette er eit særdeles viktig poeng og slikt samtykkje bør sjeldan eller aldri gjevast. Alternativt vil bordet fange, og KU-prosessen vert i realiteten undergreven.
4. For å sikre truverdig handsaming av fråsegner til KU bør Olje- og energidepartementet vurdere å auke tidsspennet frå planar vert offentleggjort til endeleg vedtak kan fattast.
5. I forslag til rettleiar vert det i kapittel 4.4. og 5.3 vist til at rettshavar bør beskrive kontraktstrategi som er tenkt nytta. Slik informasjon er svært interessant i eit regionalt perspektiv, og vi ønskjer at denne også inngår i dei dokument som vi får innsyn i (KU).
6. I kapittel 2.1.1 står det at kva type innretningar som har vore vurdert bør beskrivast, at det her bør gå fram i kva grad detaljar i alternativa er greidde ut, og kva ulemper og fordelar dei ulike alternativa har. Slik informasjon har stor interesse i det regionalpolitiske rom, og informasjonen må inngå i den del av plandokumenta som vi får innsyn i (KU). Vidare ber vi om (som hovudregel) at utgreiing av lokal løysing med ilandføring vert utgreidd og offentleg dokumentert.



7. I tråd med dei to førre punkta meiner vi at hovudprinsippet bør vere at informasjon og vurderingar som ligg til grunn for viktige val (det vere seg utbyggingsløyising, driftsmodell, etc.) er offentleg tilgjengeleg. Krav til offentleggjering må også gjelde endelege vilkår for feltutbygging og –drift.
8. Forslag til rettleiar nyttar omgrepet regionale ringverknader. Vi har i petroleumssamanheng sett at Sogn og Fjordane og Hordaland ofte vert rekna som felles region. For Sogn og Fjordane vil dette gje lita mening, då vår del av sysselsetting og verdiskaping ligg langt under det vi kunne ha grunn til å vente ut frå nærleik til ressursane. Vi ber difor om at region vert definert som fylkesnivå, og at det vert sett i verk tiltak for å få fram naudsynt grunnlagsmateriale på systematisk basis.

Saksutgreiing og vedtak er å finne på våre heimesider www.sfj.no under menyval politiske saker – fylkesutvalet – møtedato 28.01.09.

Med helsing

Velaug Veum
fylkesdirektør

Audun Erik Sunde
rådgjevar